

Strette – Stræte (gnr. 128)

Stræte: Gardnamn som i tilfellet Stræte i Fåberg vanskeleg let seg tyde. Det er truleg at opphavet til namnet her er Stræde, namn på gate i by. Skrivemåten av Stræte i Fåberg var lenge Strette. Ved eit skifte på garden i 1682 er nemnet tydeleg skrive ”Streitte”:, eit namn som minner om gardnamnet Streitlia, der grunnordet truleg er det same. Ein kan da ha eit liknende tilfelle som : skjørpe – Skjørperud, der skjørpe er bygdemålsnamnet på plantarten liljekonvall. I tilfellet eit plantenamn streitte eller streite må det helst vera ei ruveleg som veks på sveer i barskogslier. Er det nokon som kan spinne vidare på den tråden?

Det eldste vi finn om garden Stræte i Fåberg i skrivne kjelder, er i manntalet for Kopskatten 1645. Gardnamnet er der skrive Strette, og brukaren da heitte Bjørn. Han svara da den utlikna ekstraskatten for ”1 Mandfolch og 1 Quindfolch” med 18 skilling. Etter manntalet for Kvegskatten 1657 var ”Bjørn Strette” også da brukar på garden, og det er opplyst at husdyrhaldet på Stræte var 1 hoppe, 8 naut, 10 geiter og 14 sauer. Av odelsmanntalet frå same året går det elles fram at Bjørn og var odelseigande bonde og åtte jordegods til 3 skinn landskyld i garden sin, framleis skrive ”Strette”. I mannkjønnsmanntalet av 1665 er derimot namnet skrive ”Stræte”, og det går fram at brukaren med farsnamn heitte Bjørn Halvorsen og da var 71 år. Den egentlege brukaren var da Erik Olufsen, som var 40 år. Ein merker seg elles at dei 3 skinn landskyld som brukaren åtte i garden, var den samla landskyld av Stræte. Det er vidare verd å vera merksam på dei mange gode historiske kjelder ein har frå 1600-talet. Det heng saman med dei mange ekstra krigsskattane som da vart innkravde.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Strette” fortalt at brukaren også da heitte Erik, og at han var både eigar og brukar av garden. Opplysningar om garden går elles ut på at ”Engen och aggeren er schrien og Ringe”, og at garden ”liger till Fieldtz, Kand och iche forbedris”: Men husdyrhaldet av store husdyr var da 1 hest og 5 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tn. Landskylda kunne da svarast med 3 skinn eller 1 pund 8 merker smør, og Stræte hadde alt da seter og sommarbeite til krøtera på Kinna seter. Ti år seinare er det i 1678 oppgitt Erik Strette atter hadde betalt ein ekstraskatt, og da med 2 ½ ort i pengar. Men fem år seinare var husbonden Erik Olsen død, og det var skifte etter han på ”Streitte i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet omreknar i pengar brutto 52 rd., og arvingane var, forutan enka Gunild Bjørnsdtr., dei 3 sønene i ekteskapet. Dei var: 1. Gudmund, 2. Ole, 3. Tord.

Av sønene var det i 1710 Ole Eriksen som hadde tatt over og var brukar på Stræte. Han og Nils Grønlien hadde da fått bevillingsseddel av fogden på ei stor seterlykkje på Kinna seter, der dei kunne hauste 6 lass høy. – Meir om gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1723. Om Stræte er det fortalt at husdyrhaldet da var auka til 1 hest, 8 naut, 10 sauer og 7 geiter, og den årlege utsæd av korn var 2-3 tønner bygg. Det er vidare oppgitt at garden ligg i baklia og var da tungbrukt. Men det var skog til brenneved, gjerdefang og hustømmer. Kinna seter var berre ei måtelig hamnseter, men det var slått der til 3 lass høy, og den årlege høyavlinga utgjorde i alt 10-12 lass. Landskylda av Stræte var framleis 3 skinn, og Ole Eriksen var framleis brukar og eigar av garden.

Ole Eriksen var vidare gift med Beret Larsdtr., og dei hadde 3 born. Dei var: Eli f. 1710, død 1777, 2. Erik f. 1713, 3. Gunhild, gift med Ole Snaghol.

Men åtte år seinare var i 1731 husbonden Ole Eriksen alt død, og det var atter skifte på ”Strette i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 304 rd. og netto 257 rd., og det er opplyst at da var jordegodste Strette av 3 skinn medrekna i buet. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Beret Larsdtr., dei tre før namngitte borna. Av dei var Eli da 21 år og framleis ugift, og odelsarvingen Erik Olsen var 18 år. – Etter atter fem år var og husmora Beret Larsdtr. død, og sonen Erik Olsen f. 1713 fekk samtidig samsøskenskjøte på fedrenegarden Stræte for 40 rd.

Erik Olsen f. 1713, som i 1736 tok over drifta av Stræte, var gift med Anne Nilsdtr. f. 1710, og dei fekk 5 born. Dei var: 1. Ole f. 1736, 2. Nils f. 1738, 3. Erik Nils f. 1741, død 1749, 4. Beret f. 1744, 5. Kjersti f. 1748.

Plassen ”Strethaugen under Fliflet i Faaberg” er nemnt i 1751. Brukaren der, Ole Eng, var død, og det var skifte i samband med dødsfallet. Arvebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 130 rd. og netto 123 rd., og etter ordlyden var dette truleg utan jordegods. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Anne Jacobsdtr., det einaste barnet i ekteskapet: Vesle Engebret Olsen, som da var $\frac{3}{4}$ år.

På Stræte gard var året 1757 atter ei trist og sorgsam tid. Husmora der, før nemnde Anne Nilsdtr., døde ved høgsommartid, og den 19. juni 1758 var det atter skifte på ”Stræte i Faaberg”. Arvebuet vart verdsett til 100 rd. og delt slik at enkemannen Erik Olsen vart tileigna den eine halvparten. Den andre halvparten vart så delt mellom borna. Enkemannen Erik Olsen brukte så ættegarden Stræte til i 1777, da han skifta med borna medan han enda var i live. Av dette skiftet går det tydeleg fram at jordegodset Stræte, framleis av skyld 3 skinn, da var taksert til 400 rd. og medrekna i buet, som brutto utgjorde 556 rd. Arvingane ved skiftet var elles dei to døtrene hans: Beret f. 1744 og Kjersti f. 1748, som båe var ugifte, og dessutan sonesonen Erik Nilsen, som da var 6 år. Så å seia samtidig gav så Erik Olsen f. 1713 også skjøte på ættegarden Stræte, men da til kjøparen Nils Amundsen og hustru Gunild. Mot dette skjøtet vart det elles protestert på vegne av unge Erik Nilsen.

Av eit skifte på Stræte den 1. juli 1788 går det fram at Beret Eriksdtr. Stræte da hadde vore gift med Jens Erlandsen Kogsliflaten, som var død. Ved dette skiftet vart elles arvebuet verdsett til brutto 6 rd. og netto 3 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Beret Eriksdtr., det einaste dalevande barnet i ekteskapet, Anna Jensdtr., som var 20 år.

Nils Amundsen, som fekk skjøte på Stræte i 1777, brukte så garden til i 1792, da han skjøta garden vidare til Nils Christophersen for kjøpesum 900 rd. + føderåd etter tinglyst kontrakt til seljaren Nils Amundsen. – Nils Christophersen Øre f. 1757, som dermed tok over som eigar og brukar av Stræte, hadde i 1791 gifta seg med Kjersti Christensdtr. Raanerud, og dei fekk 5 born. Det var: 1. Gunhild f. 1791, 2. Christen f. 1794, 3. Christopher f. 1797, 4. Ole f. 1802, 5. Erik f. 1812.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar på og/eller ved Stræte. det var: 1. familie: 1. Nils Christophersen, husbonden, 43 år, 2. Kjersti Christensdtr., kona hans, 31 år, 3. Gunhold Nilsdtr., dotter deres, 10 år, 4. Christen Nilsen, son deres, 7 år, 5. Christopher Nilsen, son deres, 4 år, 6. Svend Hansen, tenestkar, 18 år, 7. Marit Hansdtr., tenestkvinne, 26 år. 2. familie: 1. Nils Amundsen, føderådsmann, husmann med jord, 62 år, 2. Eli Nilsdtr., dotter hans, 20 år, 3. Simen Nilsen, son hans, 16 år. 3. familie: Lars Hansen, husmann med jord, 44 år, 2. Kjersti Andersdtr., kona hans, 32 år, 3. Anne Larsdtr., dotter deres, 9 år.

Nils Amundsen Stræte levde enda i 1815. han gav da ei tinglyst kontrakt om m. a. fødsels- og arverettsoverdragingar. – Litt meir om storleiken i den tid går elles fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Stræte oppgitt at buskapen av store husdyr der da var 1 hest og 8 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år kring 20 tønner. Det er vidare oppgitt at Stræte framleis hadde 2 husmannsplassar med brukande jord.

Seks år seinare gav i 1825 Nils Christophersen skjøte til sonen Christoffer Nilsen på Stræte av 2 ½ skind. Ein merker seg at denne handelen med garden ikkje gjekk til eldste sonen Christen Nilsen Stræte, som i denne tid vart gift med Sofie Hansdtr. Blegen f. 1797. Ein merker seg og at Nils Christophersen etter handelen i 1825 framleis var eigar av jordegods til ½ skinn landskyld i Stræte. Men i 1826 selde så Nils Christophersen parsellen til eldste sonen, Christen Nilsen f. 1794.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Stræte i Fåberg fekk da som nytt matrikkelnummer nr. 65, og det var da 4 løpenummer under matr.nr. 65. Det var: a. Løpenr. 77a Stræte av skyld 2 ort 10 skilling, son Ole Jacobsen hadde da overtatt, b. brn. 77b Stræte av skyld 4 ort 10 skill., der Christian Christensen var oppsittar, c. Brn. 77c Stræte, som Peder Toft var eigar ell. brukar av, skyld 2 oer 6 skill., d. Brn. 77 Glommen, skyld 2 ort 6 skill., som Christen Glommen var eigar og brukar av.

Kring 1850 var det fleire utskiftingar av sameigemark og skog aom og vedkom Stræte. I 1848 var det såleis mindelig utskifting av skogmarka i Kinna Sæterlag, og i 1863-64 var det utskifting av Kinna Sæterskog og Sameigeskog i Baklia.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Stræte fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var: a. På Stræte hos Ole Jacobsen: 32 mål, og av dette var 10 mål jord av 1. klasse, b. På Stræte hos Christian Stræte var dei tilsvarande tal: 79 mål og 26 mål, c. På Glommen var dei tilsvarande areal: 33 mål og 6 mål. Samtidig er det vidare oppgitt at på ”Stræte nordre” var husdyrhaldet i den tid: 1 hest, 5 storfe og 6 småfe og den årlege utsæd ca. 2 ½ tønne korn og 2 ½ tn. settepoteter, medan dei tilsvarande tal på ”Stræte søndre” var: 1 hest, 7 storfe og 8 småfe, og av utsæd: 5-6 tønner korn og 3-4 tn. settepoteter. Vidare var for ”Glaamen” dei tilsvarande tal: 2 storfe og 4 småfe, 1 ½ tn. korn og 1-1 ½ tn. settepoteter.

Av 1868 er ei tinglyst erklæring i samband med bygging av ”Bro ved Flokelien”. Christian Stræte og Hans Glommen er nemnt blant dei som hadde med dette å gjera. To år etter gav i 1870 Ole Jacobsen skjøte til sonen sin Johan Olsen på Rindåsen seter for kjøpesum 200 spd. og eit føderåd taksert til 200 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark øg øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Stræte i Fåberg fekk da gardsnr. 128 med ei samla skyld av 5,89 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 128 Stræte. Det var: a. Grn. 128, brn. Stræte av skyld 1,45 mark, der Johan Olsen da var oppsittar, b. Brn. 2 Stræte av skyld 2,98, som Iver Jensen Gruven var brukar eller eigar av, c. Brn. 3 Stræte, skyld 0,70 mark, som Kristian Pedersen Toft var eigar ell. brukar av, d. Brn. 4 Glommen, der Hans Kristensen Stræte var eigar og brukar.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd dei skifte at brn. 1 Stræte av skyld 1,45 mark var overtatt av Andreas S. Fliflet , brn. 2 Stræte av skyld 2,98 mark var selt til Johannes Iversen, og brn. 3 Stræte var kjøpt av C. I. Høibraaten og G. Bøhn, og brn. 4 Glommen var overtatt av Johannes Johansen.

Av handlar i seinare tid med Stræte og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1906 kjøpte Ole A. Lien brn. 3 Stræte av skyld av skyld 0,50 mark, og Anton Mathiassen tilhandla seg i 1922 ein parsell brn. 5 Glåmskogen av skyld 0,24 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa av 1939 tre bruk under Stræte med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på kvar for seg meir enn 10 mål (da). Dei var: Grn. 128, brn. 1 Stræte nordre med eit jordbruksareal på ca. 52 mål, som Sverre Fliflet da var eigar og brukar av, b. Brn. 2 Stræte, jordbr.areal ca. 30 mål, som Marie Stræte var brukar av, c. Brn. 4 Glåmen, jordbr.areal ca. 12 mål, som tilhørde Mathias Glåmen.